

VEDTEKTER FOR VILTFONDET I NORD-FRON KOMMUNE

Vedteke: Nord-Fron kommunestyre i sak 25/2021, 20.4.2021.

Kapittel I. Generelle føresegner

§ 1. Heimel og kapital

Fondet er eit kommunalt fond som er oppretta for å fremje viltforvaltninga i kommunen, og er etablert med heimel i *Forskrift av 15.5.2011 nr 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort*. Fondet blir tilført årlege middel gjennom fellingsavgifter for elg og hjort.

Fondet skal til ei kvar tid ha ein grunnkapital på minimum kr 100.000.

§ 2. Føremål

Jf. §5 i *Forskrift av 15.5.2011 nr 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort* kan fondet nyttast til tiltak for å fremje viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, einskilde eller kommunen sjølv.

Fondet kan vidare nyttast til å dekke kommunen sine utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen. Vidare kan fondet nyttast til tiltak for å førebyggje skader på landbruksnæring som skuldast hjortevilt.

Kapittel II. Forvaltning av fondet

§ 3. Myndigheit

Fondet blir forvalta av utval for miljø, landbruk og areal (MLA).

§ 4. Generelle føringar ved søknad om tilskot frå fondet

Søknad om tilskot frå fondet skal sendast til Nord-Fron kommune v/ MLA, som er behandlingssinstans for søknadene. Løyvingssaka for viltfondet annakvart år skal leggjast fram som referatsak for kommunestyret.

Søknaden skal innehalde godkjent plan og kostnadsoverslag. Tiltaket kan ikkje iverksetjast før det er gjeve kommunal godkjenning av plan og kostnadsoverslag, og før svar på søknad om tilskot er gjeve. Søknader til fondet blir behandla så raskt som mogleg, og seinast på MLA-møte i mars jf. også §5.

§ 5. Søknadsfrist

Det er søknadsomgang til fondet annakvart år, med søknadsfrist 15. januar.

§ 6. Prioritering av tilskotssøknader

Ved tildeling av tilskot frå fondet vil MLA prioritere søknader som:

- a. Legg til rette for samarbeid mellom sentrale aktørar innan viltforvaltninga.
- b. Legg vekt på gode opplæringstiltak, særleg for å rekruttere til utøving av jakt.

- c. Kjem ålmenta til gode.
- d. Skaffar fram data eller sikrar overleving av sjeldne og sårbare viltarter.
- e. Omhandlar tiltak for hjorteviltet framfor småvilt, dersom søknadene elles er like gode.
- f. Omhandlar førebyggjande tiltak mot hjorteviltskader på innmark framfor tilsvarande tiltak mot skader på skog.
- g. Ved elles like gode søknader skal søknader som har ein eigenandel på min. 50% prioriterast.

Det blir ikkje løyvd tilskot frå fondet til tiltak der det eksisterer andre finansieringsordningar (statlege ordningar).

§ 7. Tilskotssatsar

For alle tiltak gjeld tilskotssats inntil 70% av godkjent kostnad, maksimalt kr 40.000.

§ 8. Tildeling av tilskot til vilttiltak utanom ordinær tildeling annakvart år

MLA skal normalt ikkje tildele tilskot til vilttiltak frå fondet utover ordinær tildeling annakvart år. Utvalet kan likevel i særskilte tilfelle ta søknader opp til behandling utanom ordinær tildelingsomgang.

§ 9. Utbetaling / delutbetaling av tilskot

Det kan gjerast delutbetaling med inntil 75% av løyvd sum, når minst ein tilsvarande del av arbeidet er utført.

Sluttgodkjenning / sluttutbetaling kan skje først når tiltaket er ferdig og sluttrapport og rekneskap med dokumentasjon er lagt fram. Det skal førast timelister over ev. eigeninnsats, bruk av traktor etc. Godkjent eigeninnsats blir utbetalt etter fastsette timesatsar. Dersom kostnadane blir lågare enn medrekna kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Dersom det er nødvendig for å avklare om omsøkt tiltak er gjennomført ihht. godkjent plan, blir det gjennomført synfaring i samband med sluttutbetaling.

§ 10. Omdisponering av løyvd tilskot

Dersom ein sækjar ønskjer å omdisponere delar av løyvd tilskot frå fondet til andre føremål, skal det leverast skriftleg søknad om dette. Kommunedirektøren får fullmakt til å vurdere om saka må til ny behandling i MLA.

§ 11. Arbeidsfrist / gjennomføringsfrist

Generell arbeidsfrist er inntil 2 år for gjennomføring av tiltak som har fått løyvd tilskot frå fondet. Etter søknad kan det godkjennast at arbeidsfristen blir utsett, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet blei løyvd. Søknaden skal vere skriftleg og kommunedirektøren får fullmakt til å gjere vedtak i forhold til arbeidsfrist / gjennomføringsfrist.

§ 12. Tilbakebetaling av tilskot

Tilskotet kan krevjast tilbakebetalt, heilt eller delvis, dersom det oppstår forhold som er i strid med føresetnadane for løyvinga av tilskotet.

Kapittel III. Driftsoppgåver som er tillagt kommunedirektøren

§ 13. Fallvilt

Driftsutgifter til ettersøk og handtering av skadd, sjukt og dødt vilt i kommunen blir belasta fondet. Mindre investeringar i utstyr og rekvisita som er nødvendig for å gjennomføre slik handtering blir også belasta fondet.

§ 14. Fellestiltak

Nord-Fron kommune sine utgifter til nødvendige fellestiltak, i regi av kommunar, hjorteviltregionar eller andre, skal som regel bli belasta fondet.

§ 15. Tilbakeføring av fellingsavgifter til nabokommunar

Kommunedirektøren skal syte for tilbakeføring av fellingsavgifter til nabokommunar, jf. §6 i *Forskrift av 15.5.2011 nr 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort*.

§ 16. Fullmakt til mindre utbetalningar

Kommunedirektøren får fullmakt til å stå for mindre utbetalningar frå fondet til aktuelle prosjekt og tiltak utover §14. Maksimal utbetaling det enkelte år er avgrensa med inntil 15% av førre års avsetning til fondet.

Kapittel IV. Avsluttande føresegner

§ 17. Tvil om forståing av vedtekter

Dersom det oppstår tvil om tolking av vedtekter skal kommunedirektøren leggje tvilsspørsmålet fram for MLA.

§ 18. Klage

Klage over vedtak skal rettast til MLA. Dersom utvalet opprettheld avgjerda, går saka til klagenemnda som avgjer klaga. Frist for å klage er 3 veker etter at vedtaket er motteke.

§ 19. Endring av vedtekter

MLA skal gå igjennom vedtekter i starten av ei ny kommunestyreperiode, som ein del av den politiske opplæringa i utvalet.

MLA tek vedtekter opp til evaluering ved behov. Gjeld det større endringar bør jaktrettshavarar og jegerorganisasjonar få høve til å uttale seg.

Endring av vedtekter skal godkjennast av kommunestyret. Mindre redaksjonelle endringar kan gjerast av kommunedirektøren.

Tidlegare vedtak: Utval for landbruks-, utmarks- og miljø saker, sak 2/2015.

